



Familien Myklebust i tre generasjonar på bruk 3, Myro, i Uskedalen samla til fotografering i tunet med våningshuset i bakgrunnen, truleg kring 1905. Røykstova t.v. er flytta frå Hogganvik til Uskedalen. står enno. Buo t.h. er riven.

Gunnar Haugland på Rubbestadneset bed oss gjera kjend eit slektsbilee frå Myro i Uskedalen. Motivet er familien Askelina og Torgeir O. Myklebust i tre generasjonar samla med våningshuset i bakgrunnen. Når ein kan identifisera personane, kjenner bakgrunnen deira og veit kor kvar einskild vart busette seinare i livet, så er fotografiet eit godt utgangspunkt for dokumentasjon om slekta. Fotografen er ukjend, men oppstillinga og kvaliteten på bilete fortel oss at det må vera av ein yrkesfotograf.

Personane på bilete, bak frå venstre:

- Lina (Askelina), dotter til Anna og Olav Martin.
- Olav Martin Torgeirson Fet, f. 1863, busett i Tresshaugen og kona Anna Larsdotter Ripel, f. 1861
- Martin Fet, f. 1892, son til Anna og Olav Martin
- Hartvik Ceselius, f. 1878, bonde på bruk 5, Døssland, bror til Olav Martin
- Lina (Askelina Davida), f. 1873, syster til Olav Martin, gift til på bruk 2, Rød
- Askelina Davida Myklebust, f. 1837, gift med Torgeir O. Myklebust (ikkje med bilete), Askelina kom frå Sandeid og er mor til Olav Martin, Hartvik og Lina, av dei som er på bilete

Borna framme er:

- Maren Johanne, f. 1894, sit på kne framom far sin. Maren vart busett på Klammeren og er mor til Signe, Hans, Olav, Anna, Magne, Margrethe, Klara og Gunnar Haugland
- Lars, f. 1898. sit på fanget til far sin, busett i Tresshaugen
- Margreta, f. 1900, står mellom mor og far sin, reiste til USA, staten Pennsylvania
- Anna, f. 1897, sit framom mor si, reiste og vart busett ved Halden

Torgeir O. Myklebust ætta frå Rindo (Døssland). var ei tid skipsbyggjar i Hogganvik, møtte kona si, Askelina, der. Dei bygsla Myro i 1867 og kom heim til Uskedalen. Torgeir var bas for bygginga av den fyrst Skulebrua.

Fotografen kan vera Chris. Pedersen Myklebust frå Uskedalen, men busett i Eagle Grove, Iowa, eller andre omreisande fotografar. Når vi veit meir om fotografen, vil vi fylgja opp denne saka. Motivet må vera frå åra straks etter 1900.

Dersom du har opplysningar til bilete, ring Gunnar Haugland på mobil: 90123208

Tekst: Gunnar Haugland / Terje Myklebust / Kristian Bringedal/ John Heien
Nett: Kristian Bringedal
Foto: Arkivfoto